
Vår referanse 2021/47346-6
Dato 25.10.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

PlanID 12602019000300

Fråsegn til offentlig ettersyn og høyring av detaljplan for Manger barneskule Alver kommune

Vi viser til brev datert 10.9.2021 om høyring av forslag til detaljregulering for Manger barneskule. Formålet med planen er å leggja til rette for utviding og utvikling av Manger barneskule. Planen legg til rette for å utvide uteopphaldsareala for elevane, utvida eksisterande skulebygg for å romme 220 elevar og rydde opp i den trafikale situasjonen.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 20.8.2019. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Planfaglege merknader

Det er gjort eit solid forstudie av alternativ for utviding av skule og uteopphaldsareal. Skulen har ein sentrumsnær og sentral lokalisering, men areala er knappe og det er fleire interesser som skal samordnast. Uteområdet har potensiale til å tena som møteplass og arena for fysisk aktivitet for fleire grupper, ikkje berre i skuletida.

Tettstadsutvikling og Barn og unges interesser

Vi oppmodar til å sjå skulens uteområde knytt til andre fellesområde i sentrum, og sjå på potensiale for sambruk/ fleirbruk gjennom døgnet og året i lys av tettstadsutvikling generelt. Friområda i nord og sør bør og inkluderast i dette arbeidet. Vi støtter at det blir arbeida vidare med alternativ A, som vil stele minst mogleg verdifullt areal av uteområda.

Vi vil peike på verdien av nok uteopphaldsareal med god kvalitet for elevane. I det vidare arbeidet er det viktig at det blir tilrettelagt med ulike soner for ulik intensitet, i tillegg til tilstrekkelege sosiale soner. Slik kan alle finne sin plass i skulegården.

Samferdsel

Statens vegvesen (SVV) skreiv uttale til oppstart av planarbeid, datert 20.08.2019. Etter forvaltningsreforma 01.01.2020 har fylkeskommunen overtatt ansvar for forvaltning og drift av fylkesvegane. Det var ikkje lagt opp til auke i kapasitet på skulen ved oppstart, men no vert det lagt til grunn at skulen skal kunne romme rundt 40 fleire elevar enn i skuleåret 2018/2019. SVV hadde nokre spesielle merknadar til oppstart av reguleringsplanen, som er svart ut i planskildringa no.

Utviding av plan

Vegvesenet rådde og til at planområdet vart utvida i nord slik at ein kunne legge til rette for tosidig fortau på strekinga mot Manger sentrum. Det er svara i planskildringa at kommunen vurderte at det ikkje er naudsynt med utviding, og at fokuset bør vera på trygg gangtrase mellom skulen og leveringsplass og trase frå buss i staden for tosidig fortau langs Mangersnesvegen.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

SVV bad om at det vart fokusert på trafikktryggleik for mjuke trafikantar ved skuleområdet. Dette er svart ut med at det i planen er lagt opp til meir oversiktleg tilkomstareal inne på skuleplassen. Det vert opplyst i planskildringa at tilhøva for tilkomst på sørsida av skulen er utbetra noko i seinare tid. Kor det blant anna er blitt etablert oppmerka parkeringsplassar og «rundkøyeringa» er utbetra for av-/påstiging. Dette er tiltak frå trafikksikringsplanen til Radøy kommune. Desse tiltaka var ikkje tilstrekkelege, og difor er det no planlagt utviding av parkeringsplass i sør og å lage eit større skilje mellom parkeringsareal og areal kor mjuke trafikantar ferdast. Det vert og fortau på begge sider av tilkomstsarealet mot inngangen til skulen.

Vi er positive til ei opprusting av allereie gjennomførte tiltak i planområdet, det vil gjere området ved tilkomst meir oversiktleg for dei som ferdast her. Det er og informert om at bussar stoppar ved Manger senter og at elevar går gjennom prestegardshagen og bort til skulen. Her er det overgangsfelt som kryssar fylkesveg 5486 Mangersnesvegen, og det er lagt til rette med fortau på begge sider til kryssingspunktet. Framtidig skysstasjon er regulert gjennom Manger sentrum planen, og skal ligge i same gangtrase. Vi meiner difor at det er tatt omsyn til elevar som kjem med skulebuss.

Trafikkanalyse

SVV meinte at det var nødvendig med trafikkanalyse kor ein blant anna skulle sjå på reisemåten til tilsette og elevar og hente-/bringesituasjon, og trygg varelevering og renovasjon. Det er svara med at dagens infrastruktur er kartlagt. Det vert og oppstramming av av- og påstigning ved skulen som vil betre dagens situasjon.

Det står i planskildringa at varelevering vanlegvis skjer via hovudinngangen på sørsida av skulen kor varebilane pleier å rygga inn mot hovudporten. Vi er kritisk til dagens situasjon for varelevering. Og vi meiner at kommunen ikkje kan opne for rygging på skuleplass i skuletida. Dette er for å sikre trafikktryggleiken til elevane og for å hindre ulykker.

Rekkjefølgjekrav og kryss

Vestland fylkeskommune meiner det bør stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkelveg (o_SGS). Det bør og vera rekkjefølgjekrav til det som i plankartet er o_SF, men som ikkje er nemnd i føresegna til planen. Dette er for å sikre dei mjuke trafikantane som ferdast her.

Kryssutforminga bør ha sikt på 6 x 20 meter, ikkje 4 x 20 meter som plankartet viser, og ber om retting av dette. Vi ber og om å få tilsendt teikningar ved detaljplanlegging av krysset.

Kulturminne og kulturmiljø

Skulebygga er å rekne som kulturminne av lokal verdi. I gjeldande kulturminneplan - Kulturminneplan 2017-2027 Radøy kommune - er det eldste skulebygget vurdert til å vere i verneklasse C. Gamleskulen blei reist i 1863, og er den første fastskulen som vart bygd i tidlegare Radøy kommune. Skulen har vore i kontinuerleg bruk sidan den var ny, og har vore gjennom fleire endringar. Som det står i kulturminneplanen: «Bygget er eit godt eksempel på at bruk er den beste forma for vern.» Vi er samde i dette, og er positive til at skulen blir utvida slik at den framleis kan takast i bruk på ein god måte. Men vi vil understreke at det er viktig at tilbygget er godt tilpassa det eksisterande bygget. Dette gjeld også for nytt tilbygg til skulebygget frå 1964. Vi meiner at alternativ A er den beste tilnærminga når det gjeld tilbygg til begge bygga.

Vi vil elles understreke at det er svært positivt, både i eit kulturminne- og eit klimaperspektiv, at ein satsar på fortsatt bruk av dei gamle skulebygga framfor riving. Skulebygga utgjer, saman med bygga som tilhøyrer Manger folkehøgskule på nabotomta, eit interessant kulturmiljø.

Som det blei vist til i planskildringa, så blei det i september 2019 utført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Det blei ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for nye funn er vurdert til lite. Vi vil likevel minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2 ledd. Vi vil minne om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune meiner dei fleste av merknadane våre og frå Statens vegvesen ved planoppstart er svart ut. Men vi har merknad til rygging for varelevering på skuleplassen, i tillegg til rekkjefølgjekrav og sikt i krysset.

Vidare oppmodar vi til å sjå skulens uteområde knytt til andre fellesområde i sentrum, og sjå på potensiale for sambruk/ fleirbruk gjennom døgnet og året i lys av tettstadsutvikling. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølsted, seksjon for kulturarv

Berit Vik, seksjon for kulturarv

Ingrid Elisabeth Røyseth Melvær, seksjon for idrett og friluftsliv

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2